

FORORD

Denne boka er resultatet av ein konferanse som vart skipa til på Geilo den 7.-8. september 1990. Arrangørar av konferansen var dei underskrivne, på vegner av Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen og Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved Universitetet i Oslo. Målsettinga for konferansen går fram av dette sitatet, teke frå den søknaden vi sende til Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd om finansiering av konferansen:

«Den moderne lingvistikken er ein deskriptiv vitskap, anten det er snakk om den såkalla «reine lingvistikken» eller ei av greinene med tillegg som «historisk», «sosio-», «psyko-» eller noko anna. Det normative er det solid tradisjon for å halde utanfor definisjonen av kva som er vitskapleg – det blir klassifisert som «ideologi», «politikk» eller sett på som ei rein smakssak – noko irrasjonelt.

Internasjonalt har det i dei siste to-tre tiåra utvikla seg ein «språkplanleggingsvitenskap», først med norsk-amerikanaren Einar Haugen som ein pioner. Denne vitskapen tek for seg premissane eller føresetnadene for normeringa av språk og andre former for språkplanlegging.

Også her i landet, der både offentleg og privat språkplanlegging spelar så stor rolle i samfunnslivet, bør eit slikt studium komme i gang. I dag foregår språkplanlegginga på ein ofte ganske ureflektert måte, nettopp fordi føresetnadene, prinsippa og ideologiane som ligg til grunn for denne aktiviteten ikkje blir studerte og analyserte vitskapleg. Teorien og praksisen blir forviste til kvar sin sfære. Det er no på tide å prøve å kople desse sfærane saman.

Dette er eitt av føremåla med å arrangere eit seminar om språkideologi og språkplanlegging i Noreg. Tanken er å prøve å skape ein fagleg debatt om forholdet mellom overordna ideologiske eller språk-politiske premissar og dei meir konkrete språkplanleggingsprinsippa

(normeringsprinsippa). På denne måten kan vi setje enkeltvedtak og delproblem inn i større systematiske samanhengar. Vona er dessutan òg at ein på denne måten kan oppnå større aksept for at språkplanleggingsteori er ein vitskapleg disiplin – ei grein av den anvendte språkvitskapen.»

Artiklane i denne boka er bearbeidde versjonar av dei hovudinnlegg som vart haldne på konferansen. Vi hadde lagt han opp slik at vi først tok ei prinsipiell drøfting av omgrepa normer og av grunnleggjande språkideologiar – ved Ingemund Gullvåg og Frans Gregersen. Deretter vinkla vi drøftinga inn på norske forhold: Tove Bull tok opp dei generelle ideologiane og prinsippa bak norsk språkplanlegging og norsk språkstrid, mens Eric Papazian viste korleis desse prinsippa konkret fekk uttrykk i Norsk språkråds normering av bokmålet i 1980-åra. Arne Torp avslutta første dagen med eit provoserande innkast om fagnemnda si behandling av -øy-formene i preteritum av sterke verb 2. klasse.

Den andre dagen var viggd normeringsprinsipp på det leksikalske nivået – også no slik at vi starta på det prinsipielle planet med Jørn Lunds innlegg før vi gjekk over til konkrete norske problem: behandlinga av lánord i norsk (Oddrun Grønvik) og normering av terminologi (Johan Myking). I tillegg hadde vi bedt Wilhelm Gerdener ta opp dei spesielle nynorske ordtilfangsproblema, som han tok doktorgraden på i 1986. Gerdener måtte dessverre melde forfall på eit seint tidspunkt, men vi fekk eit skriftleg bidrag frå han som er med her i boka.

Som nemnt er dei versjonane vi prentar her bearbeidde av forfatarane etter konferansen. Men opningsinnlegget til Helge Sandøy og oppsummeringa til Kjell Ivar Vannebo har vi trykt ordrett slik dei vart framførte på Geilo.

Konferansen vart finansiert av Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved Universitetet i Oslo og Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Bergen.

Reading – Oslo – Bergen, desember 1990
Helge Sandøy Arne Torp Kjell Ivar Vannebo Lars S. Vikør